



- Diverre stengt!. Spar-leiar Bente Nilsen måtte berre beklaga i morgontimane laurdag.

**Dei sentrale delane av Uskedalen opplevde laurdag morgon eit straumbrot som vara i nesten fem timar og som til fulle synte kor utruleg avhengige vi alle er av straumen. Den forsvann klokka halv sju og vart kobla inn att frå klokka 11.08 og utover. Eikelandet var ikkje berørt av brotet.**

Ein konsekvens var at Spar ikkje kunne opna, ein annan at det ikkje var mogeleg å fylla bensin og ein tredje at datasambandet med omverda forsvann.. Heldigvis vara ikkje brotet så lenge at det smelta i frysarane.

Men kva var det så som skjedde klokka 05.30 og kvifor tok det så lang tid før straumen kom att? I Kvinnherad Energi får uskedalen.no opplyst at det fatale skjedde i andre høgda i den gamle transformator kiosken av betong som ligg i Halsane.

Der sa ein høgspenisolator takk for seg. Grunnen til at feilen ikkje vart avslørt før, låg i det enkle faktum at den skjedde inne i eit hus. Ved eit straumbrot i friluft blir ljosglimtet som regel sett av ein eller annan, men slik var det altså ikkje denne gongen.

Dei som hadde vakt i Kvinnherad Energi måtte leita langs heile linja først og det tok mykje tid. Heldigvis slapp dei å leita langs jordkablane.

Av Ola Matti Mathisen